


Planar for 2018

Høgskulen i Volda



Struktur for arbeidet med planar 2018

Til grunn for arbeidet ligg KD sine krav til rapportering, strategiplanen og ei vurdering av kva forhold, i og utanfor verksemda, som kan virke inn på evna til å nå fastlagde mål og resultat på sikt. Delmål og tiltak er så langt som muleg henta frå strategiplanen. I tillegg har vi lagt til nokre mål og tiltak for å ta høgde for utviklinga sidan strategiplanen ved vedteken.



Målhierarki	Ansvarlig	Rapporteringskrav frå KD	Styrebehandling
Sektormål	KD	Ja	
Styringsparameter for sektormål	KD	Ja	
Verksemdmål	HVO	Ja	25.01
Delmål (frå strategiplan + anna)	HVO	Nei	25.01
Tiltak (frå strategiplan + anna)	HVO	Nei	25.01
Styringsparameter for verksemdmål	HVO	Ja	08.03



Sektormål og styringsparameter fastsatt av Kunnskapsdepartementet

Mål 1 – Høg kvalitet i utdanning og forskning	Mål 2 – Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling	Mål 3 – God tilgang til utdanning
<ul style="list-style-type: none">• Delen bachelorkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid• Delen masterkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid• Delen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år• Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar• Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten• Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten• Talet publikasjonspoeng per fagleg årsverk• Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FOU-årsverk• Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet studentar	<ul style="list-style-type: none">• Delen masterkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning• Bidragsinntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk• Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk	<ul style="list-style-type: none">• Kandidattal på lærarutdanningane, jf. måltal
Mål 4 – Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem		
<ul style="list-style-type: none">• Talet på studiepoeng per fagleg årsverk• Delen kvinner i dosent- og professorstillingar• Delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar		

Mål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Skildring av mål frå KD

For å møte utfordringane samfunnet står overfor, må høgare utdanning og forskning ha høg kvalitet. Studentane må få god undervisning uansett kva studiestad dei har valt. Arbeidsgivarar må vere trygge på at kandidatane er godt kvalifiserte, og samfunnet må kunne stole på at forskinga blir utført i solide fagmiljø med høg kompetanse. Evalueringar viser at utdanninga og forskinga i Noreg er god, men at vi har fleire svake og fragmenterte utdannings- og forskingsmiljø, og at vi har få framifrå miljø. Regjeringa vil at alle utdannings- og forskingsmiljøa i Noreg skal ha høg kvalitet, og at fleire skal hevde seg internasjonalt. Dette inkluderer også fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Verksemdmål HVO 2018

1. HVO skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og gjennomstrøyming
2. HVO skal auke FOU-produksjonen
3. HVO skal ha eit målretta internasjonalt samarbeid som aukar kvaliteten i utdanningane og FOU-arbeidet

Mål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Skildring av mål frå KD

Grunnlaget for framtidig verdiskaping og velferd i Noreg er å realisere kunnskapssamfunnet. Regjeringa har som ambisjon at Noreg skal vere eit av dei mest innovative landa i Europa. Universitet og høgskolar er sentrale i den økonomiske, kulturelle og sosiale utviklinga både regionalt og nasjonalt, og avgjerande for å vidareutvikle kunnskapssamfunnet. Noreg har eit kunnskapsintensivt arbeidsliv med behov for oppdatert kunnskap og kompetanse. Skal universitet og høgskolar fylla denne rolla, må dei ha eit utstrakt samarbeid med samfunns- og næringsliv. Noreg treng utdanning, forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, kunnskapsdeling og kandidatar som bidrar til nødvendig omstilling, innovasjon og verdiskaping i offentleg og privat sektor.

Verksemdmål HVO 2018

1. HVO skal ha ein studieportefølje som er relevant for framtidens samfunnsutfordringar
2. HVO skal vere ein attraktiv samarbeidspartnar for utvikling, innovasjon og verdiskaping
3. HVO skal delta aktivt i samfunnsdebatten



Mål 3: God tilgang til utdanning

Skildring av mål frå KD

Utdanningstilbodet skal legge til rette for god tilgang til nødvendig arbeidskraft og kompetanse i alle delar av landet. God tilgang inneber ikkje berre geografisk nærleik, men også tilbod om studiefinansiering og studentbustad, at studietilbodet er tilpassa ulike typar studentar, bruk av digitale læringsressursar og anna som gjer det mogleg med livslang læring. Regjeringa vil at alle skal ha tilgang til høgre utdanning, og at det skal vere mogleg for alle å ta høgre utdanning, uansett kjønn, etnisk, sosial, geografisk og økonomisk bakgrunn. Livslang læring er viktig for å legge til rette for nødvendig omstilling og fornying for den enkelte og for samfunns- og arbeidsliv.

Verksemdmål HVO 2018

1. HVO skal styrke Volda som regional studiestad ved å vidareutvikle ein kompakt campus med nærleik mellom studentar, tilsette og arbeidslivet
2. HVO skal vere gode på fleksible utdanningar som du kan ta uavhengig av tid, stad og livsfase



Mål 4: Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem

Skildring av mål frå KD

Ein effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og tilsvarande forskingssystem skal bidra til best mogleg måloppnåing på dei tre første måla. Universitet og høgskolar forvaltar ein betydeleg del av midlane for fellesskapet. Ressursane skal brukast effektivt og til beste for samfunnet. Institusjonane skal utvikle profilar i tråd med styrke og eigenart, og bidra til ein differensiert sektor med høg kvalitet. Vidare skal dei møte behova i samfunnet på ulike område og bidra til at Noreg kan hevde seg internasjonalt som ein framifrå kunnskapsnasjon. Det vil framleis vere behov for samarbeid, arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon i universitets- og høgskolesektoren etter at strukturreforma er gjennomført. Institusjonane må halde fram med å sjå korleis dei saman kan løyse utfordringar i sektoren. Institusjonar som har grunnlag for det, er forventa å dyrke fram utdannings- og forskingsmiljø som kan hevde seg i verdstoppen.

Styringsparametrane under dei tre første måla vil også seie noko om måloppnåinga på dette målet, sidan mål 4 er eit tverrgående mål som skal bidra til best mogleg måloppnåing på dei tre første måla.

Verksemdmål HVO 2018

1. HVO skal ha ein tydeleg profil og vidareutvikle samarbeidet med andre UH-institusjonar innan utdanning og forsking
2. HVO skal arbeide for eit høgt kompetansenivå og eit godt arbeidsmiljø
3. HVO skal effektivisere drifta

Mål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Verksemdmål	Delmål	Tiltak
1.1. HVO skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og gjennomstrøyming	HVO skal styrke den faglege leiinga av utdanningsprogramma	<ul style="list-style-type: none">• Utvikle studieprogramleiarrolla• Oppmuntre til FoU på eiga undervisningsverksemd• Seminar for studieprogramleiarar for erfaringsutveksling og kompetanseheving (internt og eksternt)
	HVO skal styrke den pedagogiske kompetansen til fagtilsette	<ul style="list-style-type: none">• Starte arbeidet med utvikling av meritteringsordning for undervisning (UH-nett Vest)• Stille krav om og gje tilbod om pedagogisk basiskompetanse
	HVO skal styrke studiekvaliteten ved å forbetre studentinvolveringa og studieinformasjon	<ul style="list-style-type: none">• Nytte resultata frå studiebarometer og andre evalueringar til forbetring• Vidareutvikle studentaktive læringsformer• Avklare tillitsvaldsrolla i samarbeid med STiV
	HVO skal arbeide for å auke talet på faglege tilsette i forhold til talet på studentar.	<ul style="list-style-type: none">• Utarbeide ein strategi for rekruttering av personale
	HVO skal forbetre gjennomstrøyming på master	<ul style="list-style-type: none">• Følgje opp handlingsplan
	HVO skal gjere digital kompetanse og formidling relevant for alle fagområde	<ul style="list-style-type: none">• Gjennomføre DigiGLU• Styrke kompetansen på Canvas (tilsette og studenter)• Utvikle ein pilot for framtidens undervisningsrom• Utarbeide digitaliseringsstrategi

Mål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Verksemdmål	Delmål	Tiltak
1.2 HVO skal auke FOU-produksjonen	HVO skal auke tal publiseringspoeng med 5%	<ul style="list-style-type: none">• Prioritere forskingsgrupper i tildeling av FOU-midlar• Utvikle mentorordning for ferske forskarar• Arrangere skrivekurs• Tydeligare kriterier for tildeling av FOU-tid
	HVO skal auke talet søknadar til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder	<ul style="list-style-type: none">• Mentoring og systematikk i prosjektutvikling• Fleire felles forskingssøknader med UiB og andre samarbeidspartnare• Tilsette forskningssjef med ansvar for mobilisering og prosjektstøtte
1.3 HVO skal ha eit målretta internasjonalt samarbeid som aukar kvaliteten i utdanningane og FoU-arbeidet	HVO skal vere blant dei beste på studentutveksling	<ul style="list-style-type: none">• Nytte Erasmus+ programmet til å auke studentutvekslinga• Utvikle minst to nye engelskspråklege emne
	HVO skal stimulere til nasjonalt og internasjonalt forskings- og utviklingsarbeid	<ul style="list-style-type: none">• Minst ein internasjonal FoU-avtale per avdeling• Prioritere utveksling og internasjonal konferansedeltaking for stipendiatar

Mål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Verksemdmål	Delmål	Tiltak
2.1 HVO skal ha ein studieportefølje som er relevant for framtidens samfunnsutfordringar	HVO skal sikre arbeidslivsrelevans i alle utdanningar	<ul style="list-style-type: none">• Vidareutvikle praksisnærleik• Gjennomføre fire kandidatundersøkingar• Vidareutvikle tverrfagleg samarbeid
	HVO skal satse på digitale læringsprosessar i skulen	<ul style="list-style-type: none">• DigiGLU• Utvikle ein pilot for framtidens undervisningsrom
2.2 HVO skal vere ein attraktiv samarbeidspartner for utvikling, innovasjon og verdiskaping	HVO skal auke bidrags- og oppdragsinntektene	<ul style="list-style-type: none">• Tydeligare kriterier for tildeling av FOU-tid• Mentoring og systematikk i prosjektutvikling (Båtevik-utvalet)• Tilsette forskningssjef med ansvar for mobilisering og prosjektstøtte
	HVO skal samarbeide aktivt med arbeidslivet både regionalt og nasjonalt	<ul style="list-style-type: none">• Arbeide for at det blir etablert ein kunnskapsark i 2020• Utvikle partnerskapsavtalar med offentleg sektor• Plan for deltaking på store nasjonale og regionale kontaktpunkt
2.3 HVO skal delta aktivt i samfunnsdebatten	HVO skal stimulere til kunnskapsdeling og dialog knytt til høgskulen si utdannings-, formidlings- og forskingsverksemd	<ul style="list-style-type: none">• Honorere formidlingsverksemd



Mål 3: God tilgang til utdanning

Verksemdmål	Delmål	Tiltak
3.1 HVO skal vere gode på fleksible utdanningar som du kan ta uavhengig av tid, stad og livsfase	HVO skal vere blant dei fremste på e-læring	<ul style="list-style-type: none">• Heve fagleg-pedagogisk kompetanse for vidare satsing på digitalisering og fleksible studietilbod
	HVO skal utvikle erfaringsbaserte masterutdanningar	<ul style="list-style-type: none">• Søke akkreditering for erfaringsbasert master i samfunnsplanlegging og leiing• Utreie muligheit for erfaringsbasert master i GLU
	HVO skal gjere utdanning tilgjengeleg for dei som ikkje har høve til å studere på heiltid	<ul style="list-style-type: none">• Utvikle vidareutdanningar i samarbeid med det regionale arbeidslivet
3.2 HVO skal i samarbeid med Studentsamskipnaden styrke Volda som regional studiestad ved å vidareutvikle ein kompakt campus med nærleik mellom studentar, tilsette og arbeidslivet	HVO skal leggje til rette for ein praktisk studiekvardag	<ul style="list-style-type: none">• Starte arbeidet med Campusutvikling 2.0• Leggje til rette for studentaktive læringsformer i lokala våre• Leggje til rette for dagpendling

Mål 4: Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem

Verksemdmål	Delmål	Tiltak
4.1 HVO skal ha ein tydeleg profil og vidareutvikle samarbeidet med andre UH-institusjonar innan utdanning og forsking	HVO skal kontinuerlig arbeide med strategisk utvikling av studieportefølja	<ul style="list-style-type: none">• Ekstern vurdering av studieportefølja• Lage betre rutinar for strategisk utvikling av studieportefølja (SEFØ-modellen)• Revisjon av strategiplan med tanke på høgskulens profil
	HVO skal med utgangspunkt i strategiplanen, greie ut muligheiter og utfordringar med å halde fram som ein mindre, veldig skarpt profilert høgskule eller eit forpliktande samarbeid med andre institusjonar i UH-sektoren	<ul style="list-style-type: none">• Gjennomføre plan for strukturarbeidet, jamfør styresak 84/17



Mål 4: Effektiv, mangfoldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem

Verksemdmål	Delmål	Tiltak
4.2 HVO skal arbeide for eit høgt kompetansenivå og eit godt arbeidsmiljø	HVO skal arbeide for at 60% av fagstaben har førstekompetanse før 2021	<ul style="list-style-type: none">• Revidere kompetansehevingsplanen• Utarbeide ein strategi for rekruttering av personale• Prioritere ressursar til kompetanseutvikling mot strategisk viktige område
	HVO skal doble talet kvinner i faglege toppstillingar før 2021	
	HVO skal ha tilstrekkelig toppkompetanse for studieprogramma vi tilbyr	
4.3 HVO skal effektivisere drifta	HVO skal vere blant dei mest kostnadseffektive i sektoren	<ul style="list-style-type: none">• Utarbeide digitaliseringsstrategi• Standardisere og digitalisere utvalde prosessar• Gjennomgang av organisering av Fellesadministrasjonen



Styringsparametrar

Verksemdmål	Styringsparametrar
1.1. HVO skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og gjennomstrøyming	<ul style="list-style-type: none">• Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten (KD)• Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar (KD)• Del bachelorkandidater som gjennomfører på normert tid (KD)• Del masterkandidater som gjennomfører på normert tid (KD)• Tal kvalifiserte primærskjjarar per studieplass• Tal primærskjjarar i samordna opptak
1.2 HVO skal auke FOU-produksjonen	<ul style="list-style-type: none">• Talet på publikasjonspoeng per fagleg årsverk (KD)• Tal på søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder (både egne søknadar og partnersøknadar) (HVO)
1.3 HVO skal ha eit målretta internasjonalt samarbeid som aukar kvaliteten i utdanningane og FoU-arbeidet	<ul style="list-style-type: none">• Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet studentar (KD)• Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FOU-årsverk (KD)• Tal på utvekslingsstudentar - inn og utreisande
2.1 HVO skal ha ein studieportefølje som er relevant for framtidens samfunnsutfordringar	<ul style="list-style-type: none">• Delen masterkandidatar sysselsatt i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning (KD)• Registrerte studentar på emna innafor digital kompetanse i lærarutdanninga
2.2 HVO skal arbeide for eit høgt kompetansenivå og eit godt arbeidsmiljø	<ul style="list-style-type: none">• Bidragsinntekter frå Forskningsrådet per fagleg årsverk (KD)• Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk (KD)



Styringsparametrar

Verksemdmål	Styringsparametrar
2.3 HVO skal delta aktivt i samfunnsdebatten	<ul style="list-style-type: none">• Tal interne FOU-poeng
Sektormål 3	<ul style="list-style-type: none">• Kandidattal på lærarutdanningane, jf måltal (KD)
3.1 HVO skal vere gode på fleksible utdanningar som du kan ta uavhengig av tid, stad og livsfase	<ul style="list-style-type: none">• Tal studentar på nett- og desentralisert undervisning
4.2 HVO skal arbeide for eit høgt kompetansenivå og eit godt arbeidsmiljø	<ul style="list-style-type: none">• Delen kvinner i dosent- og professorstillingar (KD)• Delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar (KD)• Talet på studiepoeng per fagleg årsverk (KD)• Del førstestillingar av totalt tal undervisnings- og forskingsstillingar• Del kvinner av tilsette med førstekompetanse• Gjennomsnittlig sjukefråvær per år
4.3 HVO skal effektivisere drifta	<ul style="list-style-type: none">• HVO skal vere blant dei mest kostnadseffektive i sektoren

